

Byggjevarehandelen omsette for 55 milliardar i 2020

Fleire nordmenn har nytta pandemien til å gjere arbeid på eigen bustad. Det har ført til at byggjevarehandelen omsette for 55,3 milliardar kroner i 2020.

Dette er ein auke på 5,6 milliardar frå 2019, viser tal frå årsstatistikken til Virke Byggjevarehandel. (©NPK)

Fleirtal positive til vaksinepass

Seks av ti nordmenn er positive til innføring av vaksinepass, medan 17 prosent er negative. Det viser ei gransking YouGov har gjort for Teknologirådet.

Eit digitalt vaksinepass på mobilen vil kunne gjere det mogleg å reise utanlands utan testing eller karantene for covid-19.

– Det vil lette situasjonen for veldig mange som skal reise ut av landet, og for arbeidspendlarar som skal inn til landet, som då kan sleppe karantene, seier direktør i Teknologirådet, Tore Tennøe, til NRK. (©NPK)

Stein rasa ned på vegen mellom Hyen og Storebru

Måndag føremiddag rasa det ned fleire steinblokker på fylkesveg 615 i Hopsstranda i Hyen.

FT: Siri Cecilie Flatjord

Arild Straume som bur i Hyen, vart kalla ut av Statens vegvesen om lag klokka 10:30 for å få status på staden. Straume jobbar for Torleiv Straume, underentreprenør for Veidekke som rustar opp vegstrekninga.

Høgt oppe

– Eg var på staden kort tid etter, og det ligg ein del blokker i vegbana. Det kan sjå ut som det har kome frå litt høgde, eg klarar ikkje å sjå kvar det har losna. Vegen er no stengd, sa han til Firda Tidend midt på dagen måndag.

Vegen var stengd fram til tysdag føremiddag. Då hadde geolog vore på plass og godkjent opning.



Fleire steinblokker rasa ned på Fv 615 i Hopsstranda måndag. Vegen var stengd i eitt døgn. Foto: Arild Straume.

– Var sekund eller minutt om gjere

– Den største steinen var godt ein kubikk, fortel Nils Solheim.

FT: Aadne Gloppestad

Han var på veg frå Eimhjellen til Straume for å handle måndag føremiddag, men då han kom til Hopsstranda var det bom stogg. Der var vegen stengd av ras.

– Eg var den første som kom etter at det hadde rasa. Det var sekund eller minutt om å gjere at eg kunne ha blitt teken, seier han og fortel at han varsla

vegstellet om det som hadde skjedd.

– Eg var heldig som ikkje vart teken og heldig som ikkje var komen forbi rasstaden, for då hadde eg ikkje kome meg heim, seier han og konstaterer at det ikkje er noko kjekt å køyre Hopsstranda, og at noko snart må gjerast med den rasutsette strekninga:

– Eg tykkjer det må setjast tvang på. Ein kan ikkje leve med dette. Tenk om skulebussen blir teken.



Nils Solheim var den første som kom til rasstaden i Hopsstranda etter at raset gjekk måndag føremiddag. Foto: Magnar Heimset.